

Kjenner nokon til denne bilen?

12.10.2016



Denne bilen har stått parkert på plassen ved brua over til Hauglandsheio i fleire døgn.

**OPPDATERT:** Uskedalen.no har fått melding frå lesarar om ein bil som har stått parkert ved brua over til Hauglandsheio i fleire dagar. Då dette er parkeringsplass for mange turgåarar som går i Uslvanåso, vart det meldt frå om saka til Kvinnherad lensmannskontor tirsdag. Lensmannskontoret ønskjer no opplysningar om bilen for å få kjennskap til om det er turfolk som har sett den der.

Bilen har latviske skilt, og politibetjent Håkon Tørvik ved Kvinnherad lensmannskontor opplyser at bilen, som er ein om lag 10 år gammal Peugeot 307SW, er registrert på ein latvisk statsborgar. Dei har spora opp at den i alle fall har vore i Kvinnherad frå 09.10.

- Det er ingen som er meldt sakna, men vi er interessert i å få greie på om den berre er hensett der, eller om bilen er parkert i samband med tur i Ulvanåso. Vi vender oss særleg til det latviske miljøet i Kvinnherad for å høyra om dei har kjennskap til bilen, seier Tørvik.

Høgre bakruta på bilen er knust, og Tørvik seier at det har skjedd på plassen. Dei har også funne ut at tenningslåsen er øydelagt. Han oppfordrar dei som har opplysningar om bilen, til å kontakta Kvinnherad Lensmannskontor, tlf. 02800.

Dersom nokon registrerte lys i Ulvanåso seint tirsdag kveld, har det ikkje noko med denne saka å gjera. Det var turgåarar som var fjellvande og godt sikra.

#### Siste:

Søndag kveld ringte 4 engelsktalande menn, som truleg var aust-europearar, på i eit hus i sentrum av Uskedalen. Dei spurde etter telefonnummer til taxi for dei hadde vore på fjelltur og hadde mista nøklane til bilen sin. Dei vart tilbydd både mat og overnatting, men dei takka nei, for dei måtte vera tilbake til Stord før arbeidstid mandags morgon.

Dette er truleg forklaringa på bilen som har stått på parkeringsplassen på Haugland ved utfartspunktet til Ulvanåso i fleire dagar.

**Politiet har fått disse informasjonene.**

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.